UNIVERSITETET
I OSLO

Statens Pensjonskassse
v/Eva Miskov
Postboks 5364 Majorstua
0304 Oslo

**Organisasjons- og personalavdelingen**
*Lønningsseksjonen*
Postboks 1071
0316 Blindern

Besøksadresse: Administrasjonsbygningen 5. etg.

Telefon: 22856380 17
Telefaks: 2286250
Web-adr.: http://www.admin.uio.no/opa/opa_ls.html

**Dato:** 11.12.2000
**Deres ref.:**
**Vår ref.:** MHA 009687

**RETT TIL MEDLEMSKAP I STATENS PENSJONSKASSE FOR TIMELØNNA PERSONELL FØR 01.01.1977**

Lønningsseksjonen ved Universitetet i Oslo får frå tid til anna spørsmål frå tilsette som meiner dei har rettigheiter i Statens Pensjonskasse som ikkje har vorte ivaretatt av arbeidsgjevar. Dette gjeld i hovudsak timelønna personell.

Lov om Statens Pensjonskasse vart i juni 1979, med attendevirkande kraft frå 01.01.1977, endra slik at alle tilsette i statens teneste i heildagsstilling skulle vere medlemmar av Statens Pensjonskasse. Det same skulle gjelde for deltidstilsette med minst 15 timar per veke. For å fange opp timelønna personell som hadde rett til medlemskap, vart det ved Universitetet i Oslo sendt ut skriv til alle einheitene der det vart gjort greie for dei nye reglane og med beskjed om at lønningskontoret måtte ha særskild melding når timelønna personell oppfylte rett til medlemskap i pensjonskassa. Dette vart dessverre fylgt opp berre slik måteleg.

Vi har bladd i gamle rundskriv og brev for å finne kva bestemmelsar som gjaldt før 01.01.1977. I ymse rundskriv er det vist til Lov av 1964, men vi har ikkje greidd å finne sikre og eksakte data for når og kva rettigheiter dei ulike stillingsgruppene hadde.

Vi ber derfor Statens Pensjonskasse opplyse kva reglar som gjaldt for medlemskap i Statens Pensjonkasse frå 1964 til 1977. Var det berre tilsette i stillingar oppretta av Departementet som hadde rett til medlemskap? Måtte dei vere tilsett minst 1 år, 3 år? Minstekrav om stillingsprosent?

Universitetets senter for informasjonsteknologi (USIT) har i notat av 22.06.2000 (sjå vedlagde kopi) teke opp spørsmål om medlemskap for tilsette som gjekk timelønna ved EDB-senteret i 70-åra. Desse gjekk år etter år utan tilsettingsavtale og utan at det vart søkt Departementet om stillingsheimel. Slik vi tolkar bestemmelsane er det klart at desse har krav på medlemskap frå 01.01.1977. Vi er litt meir usikre på tida før 01.01.1977. Sjølvom arbeidsoppgåvene var permanente, ordna ikkje Universitetet i Oslo med stillingsheimel for desse før i 1980.

forholdene rundt disse og vil komme tilbake til dette på et senere tidspunkt. Ingen av disse sakene er så graverende som de sakene som er tatt opp i henvendelsene til USIT.

Dette problemet blir heller ikke synlig for andre enn de som ønsker å pensjonere seg før full opptjentingstid, mao før år 2007. Vi venter at dette kan komme til å gjelde 5-6 personer ved USIT.

På grunn av det sene svaret er satt i en vanskelig situasjon. På grunn av endringer som vil skje i AFP-ordningen pr 1. august 2000, er han nødt til å være innmeldt pr 1. juli 2000 for å unngå å tape betydelige beløp i den perioden han er del av denne ordningen. Dersom han går inn i denne ordningen nå, vil han også tape betydelige beløp i pensjonen fra Statens Pensjonskasse fordi han ikke har full opptjening der. Samtidig må den løsning vi måtte finne for ham være av en slik art at den også kan gjøres gjeldende for de andre som blir berørt av disse forholdene. I tillegg til USIT kan det også gjelde personell ved andre deler av universitetet, men vi har grunn til å tro at ansettelsesforholdene for skiftpersonellet ved det gamle EDB-senteret var spesielt uheldige.

EDB-senteret førte i 70-årene en personalpolitikk som vi neppe kan være stolte over i dag. Spesielt var det uheldig at det ble innarbeidet en praksis der permanente arbeidsoppgaver ble ivaretatt uten skikkelige ansettelsesvilkår. Den mangel på jobbtrygghet som lå i dette var et problem for mange da. I tillegg får de som ble berørt nå problemer med sine pensjonsrettigheter. Her er det USITs oppfatning av vi har et moralsk ansvar for å rydde opp. Vi ber om at det tas opp med pensjonskassen muligheten for å få justert pensjonsavtalene for disse personene slik at de blir med i tråd med det som var situasjonen ved resten av uninversitetet på det tidspunkt. USIT foreslår at dette håndteres ved at det i pensjonssammenheng regnes fast ansettelse fra det tidspunkt den enkelte hadde vært i full stilling i mer enn tre år ved UiO.